

PM VESTLANDSMESTERSKAPET, ODDA 2-DAGARS 2016

Vi ønskjer alle vel møtt til Odda 2-dagars 2016 med Vestlandsmesterskap individuelt lørdag og stafett søndag. Her følgjer ein del praktiske opplysningar.

KART:

Korlevoll, utgitt 2006, korrigert i seinare tid. Lørdag løype 1-2 målestokk 1:10.000, løype 3-9 målestokk 1:7.500. Søndag H17, 1:10.000, alle andre løyper 1:7.500.

POSTBESKRIVELSAR:

Internasjonale teikn i alle løyper (tekst i tillegg utlevert til N-løyper). Det er lause postbeskrivelsar på start lørdag.

BRIKKER:

Sjekk på lagsliste at det er ført opp rett brikkenr, og gje beskjed på løpskontoret om de finn feil. Leigebrikker må leverast inn når løparane er ferdig med siste konkurrans. Klubbar som leiger brikker er ansvarlege for brikkene, og vil bli fakturert med kr 500,00 dersom brikka ikkje blir returnert. N-Open får leige brikke gratis på løpskontoret.

STARNR:

Alle løparar i mesterskapsklassar spring med startnr begge dagar

START:

Lørdag: Start 1: løype 1-6, 2.000 meter å gå, 170 meter stigning, 30-35 minutt å gå. Merka frå baksida av tidtakarbua og vestover i lysløypa.

Start 2: Løype 7-9, 400 meter å gå nordvestover frå samlingsplass over bru med stort telt. Merka frå nordre bru på samlingsplass.

Søndag: Individuelle løyper start ved nordre bru på samlingsplass.

I N- og C-løyper er det fri start begge dagar. N-Open kan starte frå kl 14.15 lørdag og kl 10.15 søndag, øvrige klassar frå kl 15.00 lørdag og kl 11.00 søndag.

Opprop 2 minutt før start, der det ligg lause postbeskrivelsar. 1 minutt før start går du fram til kart/startbukk. Brikkene blir aktivisert i startøyeblikket. Når klokka startar å pipe, legg brikka ned. Løft opp og start på siste pipet. Kartet tar de opp når de startar.

VÆSKEPOST

Det er ikkje væskepost nokon av dagane. Men alle løypene kryssar fleire bekkar undervegs der ein kan drikke ved behov.

MÅL:

Det må også stemplast på målstreken. Etter målgang følg køen fram til avlesing av brikke. Du får strekktider etter målgang. Isklar spanderer vatn frå Folgefonna etter løpet. Individulle løyper søndag har eige mål frå sør på samlingsplass.

STAFETT:

Starttid kl 11.00: H17, D17 og D13-16

Starttid kl 11.05: D156 og Mixklasse

Starttid kl 11.10: H156 og H13-16

Starttid kl 11.15: D/H11-12

Merka til startpost ca 200 meter nordvestover til stor bru med stort telt.

Alle mesterskapsklassar passerer samlingsplass på slutten av etappane. Følg merka trase gjennom samlingsplass.

Ved veksling spring i merka løype til veksling, lever frå deg kart og overlever kart til neste etappe. Gå deretter til avlesing av brikke. Husk å nulle ut brikke før du går inn i vekslingsområdet, startbukk står ved inngang vekslingsfelt.

Målgang stafett. Følg merking til mål, stempling 2 meter bak målstreken, målstreken avgjer rekkefølge ved spurtoppgjer. Følg køen til avlesing

INNLEVERING LAGOPPSTILLING STAFET

Siste frist for innlevering av lagoppstilling lørdag 20.august kl 18.00 på samlingsplass.

LAGSTELT:

Lagstelt kan setjast opp i området rundt innløp begge dagar.

KIOSK:

Vi sel brus, pølser, hamburgar, kaffe, kaker, bollar, vafler, mm.

SAL AV O-UTSTYR:

Joker Skarsmo sel o-sko, kompass, våtsokkar m.m. på samlingsplass begge dagar.

SMÅTROLL/BARNEPARKERING:

Småtroll begge dagar med start på samlingsplass. Startkontingent kr 20,00. Barneparkering på samlingsplass.

PREMIEUTDELING:

Gull, sølv og bronse i alle mesterskapsklassar. Premiering ellers etter gjeldande reglar. Premieutdeling rett etter løpet.